

Gudvangen –

# Vikingane sin dal



VIKINGAR / Anders Hovland, høvding Georg Hansen, Marie Candito, fransk vikingdame som jobbar på Gudvangen Fjordtell og Roger Stalheim ønskjer velkommen til sommar i vikingane sin dal.

**Aurland /** Kvar sommar glir bygda Gudvangen i Aurland kommune bakover i tid. Hundrevis av vikingar strøymar til, samlar seg under høvding Georg Hansen og gjer vikingarven levande og nær. I år kan du både gå på marknad og musikkfestival.

Vikingmarknaden har vore årleg sidan 2003, i Gudvangen sin vikingleir. Før var det Njardar Vikinglag (NV) som drifta den, i år har Nærøy Kulturhistoriske Anlegg AS (NKA) teke over ansvaret, men NV er med vidare. I sommar byr vikingane også på Vikingrockfestival.

**Vikingrock-vorspiel /** Ideen om musikkfestival fekk vikingane i Gudvangen i fjor.

– Njardar Vikinglag og Nærøy Kulturhistoriske Anlegg formidlar kulturhistorie og musikk er ein del av den. Ein har ikkje mange spor etter musikk i vikingtida, men vi trur dei spelte musikk, fordi vi kjenner ingen kultur i historia som ikkje har eit forhold til musikk. På marknaden i fjor spelte det danske bandet Krauka. Ei artig oppleving vi har lyst å utvide. Vi har alltid hatt spesiell underholdning for vikingane i leiren, som årleg skaldskapskonkurranse, men å formidle gammal kultur med moderne teknikk er nytt. Men med 500 vikingar må vi forsterke lyd, elles blir dei ikkje høyrte, forklarar fulltids vikinghøvding Georg Olafur Reydarsson Hansen, som er dagleg leiar i NKA. – Musikkformidling er dyrt, så ein må ha stort publikum eller investor i ryggen. Vi har med reiselivs- og destinasjonsutviklingsselskapet Aurland Ressursutvikling, som driftar Fretheim hotell, Flåmsbana med meir. Det gjer det enklare å lage skikkeleg festival.

Med ideen i boks kom handling raskt.

– Eg inviterte band i august i fjor, og fekk umiddelbart positive reaksjonar frå dei første. Vi var tidleg ute, først i mars i år kom beskjeden om at alle brikker var på plass. Ei nervepirrande tid, men livet skal vere spennande, ler høvdingen nøgd. – Og endeleg blir vikingrelatert musikk sett i system. Vikingrock er ikkje berre rock, men musikk som viser til eldre kulturhistorie i Nord-Europa: Folkemusikk, keltisk, rock og metal heime. Festivalen byr på åtte band og ni timar med folk, rock, metal og mystisk urmusikk. Banda er Arkona, Tyr, Faun, Wardruna, Glittertind, Skvalthr, Eplemøya Songlag og Valrav. Det er ikkje ein metalfestival. Einaste i den sjangeren er Arkona. Vi har valt band for å tiltale breidda av musikkinteresse i vikingmiljøet.

Den første festivalen manglar store, kjente namn for folk flest.

– 2200 må løyse billett for å dekke budsjett utanom støtte. Ambisiøst til å vere første gang ein arrangerer, på ein flekk som Gudvangen. Nokre av banda er store i sitt publikum, som Tyr og Arkona, men det er ikkje Dylan, Springsteen eller Stones! Vi kan ikkje rekne med folk spring ned dørene etter billetter på førehand, smiler han. – Vi prøvde oss på den kjente heavy metal gruppa Manowar, men dei var usikre sidan det er første gang vi lagar festival. Vi prøver igjen seinare, og ønskjer også få Amon Amarth hit på sikt. Neste år blir det keltisk musikk frå Capercaille, Warszawa Village band og Hedningarna. Resten er hemmeleg enno. Først skal vi klare dette året!

**Veksande vikingmarknad /** Det er ikkje berre musikk som skal lokke folk til Gudvangen i sommar. Den tiande Vikingmarknaden, frå 13.-18.juli, har mykje på lur, og fleir handverkarar enn nokon gong.

– Blant anna skal Arnt Johnny Alme frå Sandane demonstrere skyting med pil og buc frå hesterygg. Den store attraksjonen er marknaden, der vikingar viser fram tradisjonshandverk. I år blir det 300-400 handverkarar, frå 20 ulike nasjonar: Ni smedar, tekstilhandverk, perlesmiing i glas, metallstøyping og mykje meir. Vi kjem til å ha ulike kurs, frå ekstremt vanskeleg brikkevev til avansert treskjering. Det blir kjempekjekt, slår Hansen fast.

Marknaden har vakse kraftig dei siste åra.

– I skrivande stund er det påmeldt 430 deltakarar. I fjor på denne tid var det 170, då enda vi med 460 marknadsvikingar. På første marknaden var det 49 vikingar og 14 telt. Det syns både vi og publikum var kjempestort, no er det snart ti gangar så stort, slår han nøgd fast.

– Kva er årsaka til det?

– Vi byrja å marknadsføre oss på Facebook i fjor og vaks eksplisivt etterpå. I dag har marknaden over 1500 medlemmar. Dei fleste som vitjar oss som tilskodarar kjem frå Sogn, Hordaland og elles i nærmiljøet. Men det kjem folk heilt frå USA for å delta, utan å tilhøyre vikingmiljøet. I fjor hadde vi ein frå New Zealand. Det er Facebook si makt. Vi var tidleg ute der og fekk betalt for det. Eg har 2400 vener, og når ut til andre enn vikingmiljøet. Vikingar er trendy innan opplevingsturisme for tida. No kjem snart endeleg ein skikkeleg vikingfilm og, i regi Mel Gibson. Det har vore laga mange før, men ingen vikingar er nøgde med, humrar høvdingen.

**Verdas største vikingby? /** Vikingmiljøet i Gudvangen har i mange år jobba mot eit mål: Ein av verdas største vikingbyar.


– Hadde byen vore ferdig no hadde den vore den største i verda i sitt slag, slår høvdingen fast





med eit smil. – Vi har kjempa i femten år i august, no er det reguleringsplanen vi ventar på. Det er stort sett alt som står igjen før vi kan realisere planen. Interesse frå investorar er så stor at vi kunne vore i gang om alt var klart. Håpet er å starte opp våren 2011. Då blir det hektiske år.

– Grunn delen er gjort på to år, med opning forsommaren 2013. Men byen skal ikkje vere heilt ferdig. Publikum skal få ta del i prosessen med bygginga: korleis handverkarane jobbar, splitting av tommer med øks, bygging med gamaldagse verktøy, måling av vinklar med tau og lodd osv. Handverkarane skal vi hente lokalt og frå Tyskland, Danmark, Sverige, Kviterussland med meir. Kvar gruppe rekonstruerar hus frå sitt område av Europa. Arkeolog Lars Holger Pilø grov ut den norske vikingbyen Kaupang i Larvik. Han står for autentisiteten på bygg og liv i vår by, fortel Hansen. – Når vi startar vil det vere 50 handverkarar i sving med å sette opp dei 50



bygga byen skal bestå av: Kultstader, heidensk tempel, stavkyrkje, volvehus og urtehage, gravfelt med gravhaugar, hov, bryggeri, grophus til trellar, garveri, veveri, slakteri, brønn, tuntre, garnisonhus, jarlhus og kongsgård i form av eit langhus på 48 meter, bautasteinar og ikkje minst eit hus til Njardar Vikinglag, der dei kan bu, drive handverk og så vidare. I tilknytning til kongsgården skal vi også ha moderne kjøkken, der vi kan lage mat til gjestar. Vi er nøydd til å følgje lover og reglar, men til oss sjølve kokar vi mat på bål, fortel han. – Det blir ein hamneby, med fleire vikingskip. Rundt byen går ein tre meter høg voll, som vi reknar med å starte på i vinter, med palisadar og vaktårn. Gjennom byen renn ei elv frå ein innsjø på 15 meter i diameter, med ein liten holme midt i der dei kan gå holmgang og løyse konflikter.

Målet er å skape ein by med liv og røre året rundt. – Byen skal vere levande, ikkje 30 museumsgaradar. Folk skal bu, drive handverk, lage mat osv. I tillegg til fastbuande og ein historisk korrekt by, blir det suvenirbutikk, moderne toalett og besöks-senter, lagt til rette for rullestolbrukarar. Og byen får heilårsopen pub! Vi har alt fått drivar: Eit par som har drive pub i England i 30 år tok kontakt og bad om å få lov. Og vi har jo lokalt bryggeri, Ægir i Flåm, som kan lage vårt eige øl. Mjoden lagar vi i Polen, slik det vart gjort alt i vikingtida,

forklarar han. – Men det kan vel hende du også vil kjenne lukta frå varm honning i bryggerihuset på kongsgården.

Medan dei ventar på reguleringsplanen er dei første stega tekne.

– Vi driv og målar, planlegg og legg ut sporing for gater og voll. Og skal ha bort dagens gjerder, som vi måtte bruke trykkimpregnerte gjerdestoplar til. Vi får nye i eik, som vi måtte ut av landet for å få tak i. Vi har og prefabrikkert fire hus i Sverige, som vi kan ha på plass i løpet av to veker. Om ikkje reguleringsplanen går i boks har vi ein kjøpar på dei, så det er ikkje noko tap for oss. Kjøparen sit faktisk og håpar at vi ikkje skal få klarsignal, så han får kjøpe husa, humrar han.

**Mangedobling av tal tilsette /** I dag er det berre to heiltidstilsette. Om byplanane går i orden skal det talet auke kraftig.

– Eg og Roger Stalheim er heiltidstilsett, og Anders Hovland er veldig mykje med også. Han bur i nærleiken og er så godt som heiltidsviking når han ikkje er heiltidspappa. I sesongen frå 1.juni til ut i august er vi fem tilsette. Seinare på hausten er det meir sporadisk, men vi er aldri meir enn fem minutt unna om nokon vil vitje oss. Gjестane er alt frå cruiseselskap, barnehagar, utdrikingslag og kommunar. Når byen er klar blir vi 15 fulltidstilsette, året rundt, slår han fast. Planen for byen er at den skal gjere Gudvangen

og Aurland meir attraktivt om vinteren.

– Vi har ein kort sommarsesong med hektisk liv, og ein meir død vintersesong. Men vinteren aukar i aktivitet for kvart år. Vi har alt turistar frå Asia som kjem om vinteren i 25 minus og stortrivast, men dei få som kjem må få oppleve noko. Aurland er ein stor reiselivskommune, med landets største attraksjon i Flåmsbana, men det må vere noko her om vinteren og. Det er tragisk at vi må sette ned drifta då fordi vi manglar turistar. Vikingbyen vil bli eit av få tilbod vinterstid på Vestlandet, det skaper ein marknad i seg sjølv. Vi skurrer ned forventningane, men held tilbode ved like vintertid. Har vi 50 guidar om sommaren treng vi kanskje berre fire om vinteren. Eg ser ikkje vekk frå at byen kan huse 100 menneske om sommaren, 50 av dei tilsette. Dei som skal bu og jobbe her er ikkje på ferie, vi legg opp til høg aktivitet. Dei må både meiste eit handverk og praktisk arbeid. Det er veldig lite tid til å sitte i sofaen og drikke kaffi i eit vikingliv. Byen og drifta kviler også på ein annan visjon: Ein norrøn folkehøgskule, som lærer opp dei som skal bu i byen til livet her. Skule om vinteren og praksis om sommaren, avsluttar han.

Tekst / Roy Sunde  
Foto / Roy Sunde, Leif-Arne Furevik og TV Norge

Forvent meir.

## GRUNDIG-DAGAR!

Spar 1000,- på våre 3 Grundig-modellar



**Grundig City line Toronto**  
• 100 Hz panel  
• Full HD  
• Nyheita USB-recording

4.998,-  
Før 5.998,-



**Grundig Toronto 7950 LCD**  
• 100 Hz panel  
• Full HD  
• Nyheita USB-recording

6.998,-  
Før 7.998,-



**Grundig Toronto 7950 LCD**  
• 100 Hz panel  
• Full HD  
• Nyheita USB-recording

8.998,-  
Før 9.998,-

Kvalitet  
og service  
sett i system

**Valaker**

Øyrane, 6800 Ferde • Tlf. 57 72 51 70 • www.valaker.no • Butikk@valaker.no